



UTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla av			
Komite for drift			Saksbeh.: Magne Fanavoll
Sak nr.	: 7/99	Dato	: 20.01.99
Jour. nr.	: 119/99	Mappe	121/005/003 Avgj. av KOMM
Lindås kommunestyre			Saksbeh.: Magne Fanavoll
Sak nr.	: 21/99	Dato	: 04.02.99
Jour. nr.	: 119/99	Mappe	121/005/003 Avgj. av KOMM

FORSLAG TIL AVTALE MELLOM KNARVIK NORD BÅTLAG OG LINDÅS KOMMUNESaksdokument (vedlagt):

1. Forslag til avtale.
2. Omarbeidd forslag til avtale datert 10.01.99.
3. Skriv datert 12.08.98 fra grunneigarane i Knarvik nord.
4. Skriv datert 02.11.98 fra Håkon og Helge Rambjør.
5. Vedtak i sak 73/93, handsama av bygningssjefen.

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg av kommunestyret.

Saka har tidlegare vore handsama i Driftskomiteen, sak 56/98, men vart då utsatt for at ein skulle omarbeida avtalen og innhenta nye opplysningar. Det har kome inn 2 brev datert 12.08.98 og 02.11.98 frå grunneigarar i Knarvik nord og Hellestveit.

Dei er skuffa over at dei ikkje har fått lov til å uttala seg i saka, og dei meiner og at kommunen i avtalen bør ta med at grunneigarar i Knarvik nird og Hellestveit skal ha forrett til plassane i flytebrygga.

Vår oppfatning er at denne avtalen utelukkande er ei sak mellom Lindås kommune og båtforeininga, og at naboane ikkje har noko uttalerett i saka. Avtalen går ut på at båtforeininga får eit formelt løyve til å ha flytebrygga si forankra i den kommunale kaien. Det har dei ikkje i dag. Dersom eksisterande flytebrygge skal utvidast, må det byggearmeldast. Naboane vil då få tilsendt nabovarsel, og få mogelegheit til å uttala seg. Lindås kommune skal ivareta alle innbyggjarane sine interesser, og kan ikkje leggje seg på på ei linje der dei pressar ei båtforeining til å gje fastbuande i eit område fordelar framfor andre innbyggjarar i kommunen. Vi meiner difor at ein ikkje bør ta omsyn til dei 2 skriva frå ein del grunneigarar i området.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forslag til avtale datert 10.01.99 vert godteke.

Ny innstilling frå driftskomiteen, sak nr.7/99:

Det vert vist til vedtak i sak 73/93, der Knarvik nord båtlag fekk løyve til å leggja ut flytebrygge for 20 båtar frå det som den gong vart nemnd som bygdekaien på Knarvik nord.

Det er no akseptert av Lindås kommune at dette er ein communal kai, og Lindås kommune gjev med dette Knarvik nord båtlag løyve til framleis, førebels for 10 år - f.o.m. 01.01.99, til å ha flytebrygge festa til den kommunale kaien slik det går fram av sak 73/93.

Ved eventuell utviding av flytebrygga, må det dokumenterast avtale om parkeringsplassar tilsvarende 1/3 av det talet båtplassar brygga vert utvida med, og naudsynte løyve elles innhentast.

INNSTILLINGA VART SAMRØYSTES GODKJENT.

HANDSAMINGA I KOMMUNESTYRET 04.02.99:

Framlegg frå Karl Johan Olsen (Sp) - tillegg:

Parkeringsplassar og tilkomst til båtplassar må tilretteleggjast for rørslehemma.

Kommunestyret vedtok innstillinga frå driftskomiteen + tillegg frå K.J. Olsen samrøystes.

VEDTAK:

Det vert vist til vedtak i sak 73/93, der Knarvik nord båtlag fekk løyve til å leggja ut flytebrygge for 20 båtar frå det som den gong vart nemnd som bygdekaien på Knarvik nord.

Det er no akseptert av Lindås kommune at dette er ein communal kai, og Lindås kommune gjev med dette Knarvik nord båtlag løyve til framleis, førebels for 10 år - f.o.m. 01.01.99, til å ha flytebrygge festa til den kommunale kaien slik det går fram av sak 73/93.

Ved eventuell utviding av flytebrygga, må det dokumenterast avtale om parkeringsplassar tilsvarende 1/3 av det talet båtplassar brygga vert utvida med, og naudsynte løyve elles innhentast.

Parkeringsplassar og tilkomst til båtplassar må tilretteleggjast for rørslehemma.

Utskrift til :

Knarvik Nord Båtlag, v/Roald Haugsdal, 5150 LINDÅS

Rett utskrift.
Isdalstø, den 9.02.99

Halfred Reigstad
Lindås kommune
